



Saksprotokoll

Organ: **Fylkesutvalet**

Møtedato: 08.04.2019

Sak nr.: 19/783-13
Internt I.nr. 21834/19

Sak: 26/19

Tittel: **Musea i Sogn og Fjordane - fellesmagasin og museumsbygg**

Behandling:

Frå hovudutvalet for næring og kultur låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Investeringsprosjektet «Kløften» vert ikkje realisert. Fylkestinget legg til grunn at Musea i Sogn og Fjordane realiserer fellesmagasin for musea i fylket i tidlegare Ramstad eskefabrikk i Anderdalen i Førde.
2. Eventuell fylkeskommunal medverknad i nye investeringsprosjekt i regi av Musea i Sogn og Fjordane vert å vurdere med grunnlag i konkrete søknadar frå museumsstiftinga. Slike søknadar må vise kva som er føremålet med prosjekta og elles vise investeringeskostnadar, driftskonsekvensar og korleis investeringane/drifta er tenkt finansiert.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen førebu ei sak med framlegg til dekking av dei kostnadene som er gått med til forprosjekt for «Kløften», mellom anna kostnader som skal delast med Førde kommune. Fylkesutvalet får fullmakt til å følgje opp dette.

Protokoltilførsel: Hovudutval for næring og kultur vil påpeike at Musea i Sogn og Fjordane har endra sine prioriteringar der arbeidsmiljøomsyn i administrasjonsbygg ved Sunnfjord museum er prioritert som nr. 3, etter Holevikjekta. Det meiner hovudutvalet ikkje er rett prioritet, ikkje minst knytt til dei pålegg Arbeidstilsynet kom med i sin rapport i 2016.

Endringsframlegg:

Fylkesutvalet gjorde framlegg om endra formulering i punkt 3:

Fylkestinget ber fylkesrådmannen førebu ei sak med framlegg til dekking av dei kostnadene som er gått med til forprosjekt for «Kløften», dvs. kostnader som skal delast mellom fylkeskommunen og Førde kommune. Fylkesutvalet får fullmakt til å følgje opp dette.

Fylkesutvalet gjorde framlegg om nytt punkt 4:

Fylkestinget vil påpeike at Musea i Sogn og Fjordane har endra sine prioriteringar der arbeidsmiljøomsyn i administrasjonsbygg ved Sunnfjord museum er prioritert som nr 3, etter Holevikjekta. Dette meiner fylkestinget ikkje er rett prioritet, ikkje minst knytt til dei pålegg Arbeidstilsynet kom med i sin rapport i 2016.

Avrøyting:

Punkta 1 og 2 i tilrådinga frå hovudutvalet for næring og kultur vart samrøystes vedtekne.

Punkt 3 i tilrådinga frå hovudutvalet for næring og kultur fekk ingen røyster.

Framlegget frå fylkesutvalet til endra pkt. 3 vart samrøystes vedteke.

Framleggget frå fylkesutvalet til nytt pkt. 4 vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Investeringsprosjektet «Kløften» vert ikkje realisert. Fylkestinget legg til grunn at Musea i Sogn og Fjordane realiserer fellesmagasin for musea i fylket i tidlegare Ramstad eskefabrikk i Angedalen i Førde.
2. Eventuell fylkeskommunal medverknad i nye investeringsprosjekt i regi av Musea i Sogn og Fjordane vert å vurdere med grunnlag i konkrete søknadar frå museumsstiftinga. Slike søknadar må vise kva som er føremålet med prosjekta og elles vise investeringeskostnadars, driftskonsekvensar og korleis investeringane/drifta er tenkt finansiert.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen førebu ei sak med framlegg til dekking av dei kostnadene som er gått med til forprosjekt for «Kløften», dvs. kostnader som skal delast mellom fylkeskommunen og Førde kommune. Fylkesutvalet får fullmakt til å følgje opp dette.
4. Fylkestinget vil påpeike at Musea i Sogn og Fjordane har endra sine prioriteringar der arbeidsmiljøomsyn i administrasjonsbygg ved Sunnfjord museum er prioritert som nr 3, etter Holevikjekta. Dette meinar fylkestinget ikkje er rett prioritet, ikkje minst knytt til dei pålegg Arbeidstilsynet kom med i sin rapport i 2016